

Fra: Hilde Enstad[hilde.enstad@kvinnherad.kommune.no]
Sendt: 10.09.2022 15:22:12
Til: KK_Kommunestyret_2019-2023;KK_Varmedlemmer_kommunestyret_2019-2023[KK_Kommunestyret_2019-2023@kvinnherad.kommune.no;KK_varmedlemmer_kommunestyret_2019-2023@kvinnherad.kommune.no]
Kopi: Post[post@kvinnherad.kommune.no];Post Grenda[post@grenda.no];Redaksjon Kvinnheringen[redaksjon@kvinnheringen.no];
Tittel: Rein Hardangerfjord

Gode kommunestyremedlemmer, faste og vara.

I dagane 14-16 september går årets første Rein Hardangerfjord-aksjon av stabelen.

15 september er planlagt å vere den store ryddedagen. Den dagen avviklar vi både ekstraordinært formannskapsmøte og ordinært kommunestyremøte på Husnes.

Eg vil derfor oppmoda kommunestyremedlemmene om å finne ein annan høveleg dag for å delta på strandrydding!

Du melder deg på ved å oppsøke heimesidene til Rein Hardangerfjord.

For å vere med å skape blest om tiltaket og vise at politikarane i Kvinnherad aktivt deltek for at Hardangefjorden skal bli rein, utfordrar eg dykk til å la dykk avbilde medan de ryddar i strandsona og sende bilete til post@kvinnherad.kommune.no så kan vi få laga eit "fellesbilete" av oss. Det blir eit fint minne og inspirasjon for dei som skal vere med og rydde i åra som kjem.

Lukka til!

<https://www.reinhardangerfjord.no/>



Heim - Reinhardanger

Bli med på verdas største
plastryddeaksjon 15. september
2022 Registrer deg Opprett
ryddeaksjon Kvifor ryddar ME? Me
ryddar fjorden for miljøet sin del –

www.reinhardangerfjord.no

Venleg helsing

Hilde Enstad | *Ordførar*

Mobil: +47 906 80 352 | Tlf: 53 48 31 00
www.kvinnherad.kommune.no



KVINNHERAD
K O M M U N E



Kvinnherad
2050

*Ver merksam på at dette ikkje er ei privat e-postadresse
- all dialog på e-post kan bli journalført.*